



DELÅRSRAPPORT **2. kvartal 2015**

Voss, 18. august 2015
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 2. KVARTAL 2015

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for fyrste halvår på 7,4 mill. kr, ein reduksjon på 17,8 mill. kr i forhold til fyrste halvår i fjor. Resultatet tilsvarar 0,38% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 1,41% i fjor.

Etter skatt er resultatet i fyrste halvår på 5,7 mill. kr (0,29%) mot 20,2 mill. kr (1,13%) i fjor.

Totalresultatet for fyrste halvår er på 12,1 mill. kr mot 17,5 mill. kr i fyrste halvår i fjor, ein reduksjon på 5,4 mill. kr.

Reduksjonen i totalresultatet skuldast reduksjon i netto renteinntekter og ekstraordinær realisert vinst ved sal av anleggsaksjar i fjor.

RENTEMARGIN

I 2. kvartal bokfører banken netto renteinntekter på 16,9 mill. kr, ein reduksjon på 2,7 mill. kr i forhold til 2. kvartal i fjor. Årsaka til reduksjonen i rentemarginen er reduserte marginar på grunn av konkurransesituasjonen, og at banken i kvartalet har plassert ca. 80 mill. kr av likviditetsporteføljen i rentefond, der avkastning vert ført som aksjeutbytte i staden for renteinntekt. Rentemarginen i 2. kvartal er på 1,82% mot 2,13% for 2. kvartal i fjor. Rentemarginen er om lag som budsjettert.

Banken gjennomførte i juni endring av rentene som vil styrkja marginen frå 3. kvartal

INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

På aksjar og rentefond inntektsfører banken netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar i 2. kvartal med 2,3 mill. kr mot 6,5 mill. kr i 2. kvartal i fjor. Av inntektsføringa i andre kvartal i fjor kom 5,5 mill. kr som ekstraordinær realisert vinst på sal av aksjane i Nets Holding AS.

På obligasjonar har banken i 2. kvartal realisert tap på tidlegare nedskrivne papir med 6,5 mill. kr mot vinst på 0,6 mill. kr i 2. kvartal i fjor. Tidlegare bokførte nedskrivningar på obligasjonar som no er realisert med tap er tilbakeført, og fører til inntektsføring av verdiendring på obligasjonar over eigenkapitalen for 2. kvartal med 6,9 mill. kr.

Eit samla realisert tap på obligasjonar i år på 8,8 mill. kr kjem frå tidlegare års investeringar i obligasjonar i Seabird Exploration og Norwegian Energy Company til ein samla kostpris på 15,6 mill. kr. Ved årsskiftet 2014 – 2015 var desse investeringane bokført til verkeleg verdi på 6,1 mill. kr, ved nedskrivning over eigenkapitalen med 9,5 mill. kr. Ved restrukturering av desse selskapa si gjeld våren 2015 vart ny kostpris på nye obligasjonar og aksjar bokført til verkeleg verdi. Realisert tap er ført i resultatrekneskapan og tidlegare bokførte nedskrivningar er tilbakeført over eigenkapitalen. Realisert tap på Seabird Exploration på 2,4 mill. kr vart resultatført i 1. kvartal medan det realiserste tapet på Norwegian Energy Company på 6,5 mill. kr er ført i 2. kvartal.

DRIFTSKOSTNADER

I 2. kvartal i år er driftskostnadane på 10,3 mill. kr som er 1,7 mill. kr mindre enn i 1. kvartal i år, og 0,9 mill. kr mindre enn budsjettert. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,11% i år mot 1,04% i fjor.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 2. kvartal har banken ikkje konstatert tap på utlån.

Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved halvårsskiftet er på 85,4 mill. kr, ein auke på 10,2 mill. kr frå 2. kvartal i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 2,66 % pr. 30.06.15, mot 2,42% pr. 30.06.14. For nærmare spesifisering sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 2. kvartal er rådveldekapitalen redusert med 64 mill. kr, eller 1,70 %, til 3.716 mill. kr. Banken har med bakgrunn i den store innskotsveksten i 2014 i år innløyyst 335 mill. kr i sertifikat- og obligasjonsgjeld utan å ta opp nye lån.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen redusert med 59 mill. kr, eller 1,58%.

INNSKOT

I 2. kvartal er innskota auka med 14 mill. kr mot ein auke på 159 mill. kr i 2. kvartal i fjor. Siste 12 månadane har innskota auka med 298 mill. kr, eller 11,60%.

Pr. 30.06.15 har banken ei innskotsdekning på 89,1% av brutto utlån, mot 80,2% på same tid i fjor.

UTLÅN

Banken har i 2. kvartal hatt ein auke i utlån på eige bok på 15 mill. kr. I kvartalet har banken formidla lån via Eika Boligkreditt AS med 5 mill. kr, slik at samla auke i utlåna vert 20 mill. kr eller 0,6%.

Pr. 30.06.15 er brutto utlån til kundar 3.215 mill. kr, mot 3.203 mill. kr pr. 30.06.14. Dette utgjer ein auke dei siste 12 månadane på 12 mill. kr eller 0,4%. Når overførte nye utlån til Eika Boligkreditt AS vert teken med, er samla utlånsvekst siste 12 månader 176 mill. kr eller 5,4%.

Av samla utlån ved kvartalsskiftet er 2.526 mill. kr (78,5%) til personkundar og 689 mill. kr (21,5%) til næringskundar.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.864 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 528 mill. kr eller 18,4%. Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene. Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR 109% berekna etter nye forskrifter.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 416,2 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 20,44% utan at resultatet hittil i år er teke med.

Kjernekapitalen er 361,4 mill. kr, eller 17,75%. I høve til minimumskrava er overdekninga 253,4 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 337,0 mill. kr, eller 16,55%.

DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

20 STØRSTE AKSJONÆRANE

<u>Namn</u>	<u>Andel</u>	<u>Beholding</u>
VOSS SPAREBANK	10,00 %	189.980
SPAREBANKEN ØST	8,16 %	155.020
MP PENSJON PK	4,76 %	90.526
AS FLU	3,74 %	70.977
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	2,46 %	46.771
PROFOND AS C/O A. G. REGNSKAP AS	1,53 %	29.000
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	1,42 %	27.000
FANA SPAREBANK	1,21 %	23.000
SKOGBORG AS	1,08 %	20.440
JOH. RASMUSSEN & RACINE AS	1,05 %	20.000
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE	0,93 %	17.700
NOTOV AS	0,89 %	17.000
BJØRKE ARNSTEIN	0,89 %	16.980
WERGELAND HOLDING AS	0,84 %	16.000
NORDNET LIVSFORSIKRING	0,69 %	13.120
RIO INGUNN	0,66 %	12.580
LANGMYHR TRYGVE	0,63 %	12.000
KLØVE-GRAUE ASTRID	0,63 %	12.000
HAUKÅS KONSULENTENESTER	0,63 %	12.000
GJØSTEIN IVAR	0,60 %	11.420
Sum for dei 20 største eigarane	42,82 %	813.514
Øvrige eigarar	57,18 %	1.086.486
Totalt utstedte aksjar	100,00 %	1.900.000

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 2. kvartal: kr 184,46
Børskurs ved utgangen av 2. kvartal var : kr 119,00

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2015

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalkmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Bankens sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Konkurransen i rentemarknaden er hard. Det store fallet i rentemargin banken opplevde i 1. kvartal har stabilisert seg, og rentemarginen i 2. kvartal er auka til 1,82% frå 1,64% i fyrste kvartal. Renteendringa effektiv frå 15.06.15 og innføring av gebyr på manuelle betalingstenester vil styrkja banken si inntening framover. Formidling av nye lån via Eika Boligkreditt og utvida

satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt, vil styrkja banken sitt inntektsgrunnlag framover.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG DAGLEG LEIAR

Vi stadfestar etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2015 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gir eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, samt at delårsrapporten gir eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	2. kv 2015	2. kv. 2014	30.06.15	30.06.14	31.12.14
Renteinntekter og liknande inntekter	32.246	39.960	66.795	79.226	156.305
Rentekostnader og liknande kostnader	15.306	20.362	34.133	39.986	80.882
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	16.940	19.598	32.662	39.240	75.423
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.080	728	3.016	966	2.063
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	2.268	1.677	3.919	3.171	6.897
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-926	-957	-1.866	-1.789	-3.630
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-6.136	6.695	-8.110	8.271	12.375
Andre driftsinntekter	47	0	94	11	97
Sum andre inntekter	-2.667	8.143	-2.947	10.630	17.802
Sum netto inntekter	14.273	27.741	29.715	49.870	93.225
Personalkostnader	3.653	3.693	8.788	8.546	19.756
Administrasjonskostnader	3.902	3.076	7.647	7.210	13.112
Ordinære avskrivningar	1.746	1.727	3.492	3.457	6.928
Andre driftskostnader	1.038	1.032	2.427	2.347	4.514
Sum kostnader	10.339	9.528	22.354	21.560	44.310
Resultat før tap	3.934	18.213	7.361	28.310	48.915
Tap på utlån, garantiar m.v.	-11	2.184	-43	3.027	4.508
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0		0	0	0
Netto tap og avskrivningar	-11	2.184	-43	3.027	4.508
Resultat før skatt	3.945	16.029	7.404	25.283	44.407
Skatt på ordinært resultat	772	2.592	1.737	5.081	10.482
Resultat for rekneskapsåret	3.173	13.437	5.667	20.202	33.925
Andre inntekter og kostnader					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	6.894	-2.061	8.827	-2.815	-12.489
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-1.870	-79	-2.392	158	3.271
Sum andre postar	5.024	-2.140	6.435	-2.657	-9.218
Totalresultat	8.197	11.297	12.102	17.545	24.707
Resultat pr. aksje	1,67	7,07	2,98	10,63	17,86
Utvatna resultat pr. aksje	1,67	7,07	2,98	10,63	17,86

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

	30.06.15	30.06.14	31.12.14
Kontantar og fordringar på sentralbankar	75.885	67.488	71.388
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	51.470	163.753	222.017
Netto utlån og fordringar på kundar	3.166.046	3.153.885	3.201.814
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	229.978	272.822	275.298
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	134.514	45.164	202.035
Immaterielle eignelutar	9.998	13.998	11.998
Finansielle derivat	4.696	672	5.781
Varige driftsmidlar	35.037	36.623	35.703
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	8.250	21.100	8.210

SUM EIGNELUTAR

3.715.874 3.775.505 4.034.244

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	1.068	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.864.794	2.567.050	2.845.313
Obligasjons- og sertifikatgjeld	377.459	719.160	713.258
Finansielle derivat	0	674	0
Utsett skatt	2.765	2.373	373
Anna gjeld	16.357	23.187	23.475
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	20.331	33.397	9.797
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	2.958	4.009	3.382
Ansvarleg lånekapital	79.661	85.000	90.768
Sum gjeld	3.365.393	3.434.850	3.686.366

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-11	-19	-11

Sum innskoten eigenkapital

9.489 9.481 9.489

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital

340.992 331.174 338.389

Sum opptent eigenkapital

340.992 331.174 338.389

Sum eigenkapital

350.481 340.655 347.878

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

3.715.874 3.775.505 4.034.244


Garantiansvar	114.931	78.129	122.846
Pantsetjingar	101.666	66.404	102.778
Eigenkapitaldekning	20,44 %	18,30 %	19,47 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.858.624	3.585.878	3.756.540

Voss, 18 august 2015

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Jorunn Lødemel
Styreformann




Ase-Karin Tennebekk




Olav Seim



Stein Kvarekvål



Johanna R. Sølvyberg



Einar Larsen
banksjef

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
 Endring i gruppevise nedskrivningar
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

	30.06.15	30.06.14	31.12.14
	30.06.15	30.06.14	31.12.14
	-820	1.545	2.514
	0	1.000	1.000
	806	496	1.025
	33	0	4
	-62	-14	-35
	-43	3.027	4.508

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

	49.347	33.066	19.856
	4.983	4.461	4.925
	44.364	28.605	14.931
	65.953	74.133	67.197
	24.901	25.274	25.778
	41.052	48.859	41.419
	85.416	77.464	56.350

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån

Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar

Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar

Netto utlån til kundar

	3.215.006	3.202.696	3.251.593
	-29.884	-29.735	-30.703
	-19.076	-19.076	-19.076
	3.166.046	3.153.885	3.201.814

KAPITALDEKNING

	30.06.15		30.06.14		31.12.14	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	5.215	417	0	0	9.623	770
Institusjonar	26.201	2.096	48.568	3.885	60.493	4.839
Føretak	271.476	21.718	384.343	30.747	274.423	21.954
Massemarknad	3.397	272	0	0	3.430	274
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.262.658	101.013	1.286.953	102.956	1.303.837	104.307
Forfalne engasjement	49.574	3.966	29.951	2.396	19.447	1.556
Obligasjonar med fortrinnsrett	8.978	718	7.056	564	10.307	825
Andelar i verdipapirfond	56.396	4.512	7.582	607	141.262	11.301
Eigenkapitalposisjonar	41.611	3.329			33.930	2.714
Andre engasjement	151.694	12.136	194.439	15.555	189.739	15.179
Sum kredittrisiko	1.877.200	150.176	1.958.892	156.711	2.046.491	163.719
Operasjonell risiko	154.379	12.350	139.562	11.165	135.581	10.846
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	0	0	-19.076	-1.526	0	0
CVA risiko, motpartsrisiko	4.313	345	0	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag	2.035.892	162.872	2.079.378	166.350	2.182.072	174.566
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-11		-19		-11	
Sum opptent eigenkapital	335.324		291.697		338.389	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-7.298		-13.997		-8.759	
Frådrag	-552		0		-477	
Rein kjernekapital	336.963	16,55	287.181	13,81	338.642	15,52
Fondsobligasjonar til verkeleg verdi	39.429		35.000		35.000	
Frådrag for verdiendring fondsobligasjon	-4.429					
Frådrag i samsvar med overgangsvilkår	-10.575		0		0	
Kjernekapital	361.388	17,75	322.181	15,49	373.642	17,12
Fond for urealiserte verdiendringar	4.429		8.281		1.240	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	40.000		50.000		50.000	
Ansvarleg lånekapital omfatta av overgangsvilkår	10.418		0		0	
Sum tilleggskapital	54.847	2,69	58.281	2,80	51.240	2,35
Netto ansvarleg kapital	416.235	20,44	380.462	18,30	424.882	19,47

ENDRING I EIGENKAPITALEN

	30.06.15	30.06.14	31.12.14
Eigenkapital ved inngangen til året	347.878	328.145	328.145
Utbetalt utbytte førre år	-9.500	-5.035	-5.035
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	6.436	-2.657	-9.218
Kjøp / sal egne aksjar	0	0	61
Resultat i perioden	5.667	20.202	33.925
Eigenkapital ved periodeslutt	350.481	340.655	347.878

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	Alle tal i NOK 1 000		
	30.06.15	30.06.14	31.12.14
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	72 107	79 614	156 538
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-25 756	-17 928	-84 697
Andre innbetalningar	2 594	2 019	5 268
Driftsutbetalningar	-18 918	-15 818	-34 760
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	62	14	35
Utbetalt utbytte	-9 500	-5 035	-5 035
Betalte skattar	-7 444	-7 706	-7 719
Tilført frå verksemda	13 145	35 160	29 630
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	35 748	-136 292	-186 203
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	19 481	216 297	494 564
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	1 068	- 3	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	-335 799	-22 364	-28 266
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	- 594	-11 043	132
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	123 787	2 700	-159 271
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	-3 161	10 045	6 517
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	-10 000	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	- 332	0	213
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd	-169 802	59 340	127 686
Investert i varige driftsmidlar	- 907	- 389	- 767
Investert i immaterielle eignelutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	3
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	-8 486	2 836	2 559
Netto kontantstraum frå investeringar	-9 393	2 447	1 795
Netto endring likvidar	-166 050	96 947	159 111
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	293 405	134 294	134 294
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	127 355	231 241	293 405
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	75 885	67 488	71 388
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	51 470	163 753	222 017
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt	127 355	231 241	293 405